

VEDTEKTER FOR Preg Barnehager i samsvar med barnehagelova § 8

1. **Eigar**

Misjonssambandet, (NLM) eig og driv **Preg barnehagar Godøy AS**, gjennom Preg barnehager AS.

Styret for aksjeselskapet er ansvarleg organ for barnehagen og det organet som representerer eigaren. Eigar kan ikkje hente utbytte frå barnehagedrifta.

2. **Formål**

a) Formålsparagrafen i barnehagelova

Barnehagen skal i samarbeid og forståing med heimen vareta behovet barna har for omsorg og leik, og fremme læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling.

Barnehagen skal byggje på grunnleggjande verdiar i kristen og humanistisk arv og tradisjon, slik som respekt for menneskeverdet og naturen, på åndsfridom, nestekjærleik, tilgjeving, likeverd og solidaritet, verdiar som kjem til uttrykk i ulike religionar og livssyn og som er forankra i menneskerettane.

Barna skal få utfolde skaparglede, undring og utforskarkrong. Dei skal lære å ta vare på seg sjølv, kvarandre og naturen. Barna skal utvikle grunnleggjande kunnskapar og ferdigheiter. Dei skal ha rett til medverknad tilpassa alder og føresetnader.

Barnehagen skal møte barna med tillit og respekt, og anerkjenne barndommen sin eigenverdi. Den skal bidra til trivsel og glede i leik og læring, og vere ein utfordrande og trygg stad for fellesskap og vennskap. Barnehagen skal fremje demokrati og likestilling og motarbeide alle formar for diskriminering.

b) Eigar sitt formål for barnehagen

Barnehagen skal i samarbeid og forståing med heimen gi barna kristen oppseding i eit godt og trygt miljø. Arbeidet med leik, læring og sosial kompetanse skal samla bidra til den allsidige utviklinga til barna. Verdiane våre skal gjenspegle ansvar og omsorg for menneske rundt oss, både lokalt, nasjonalt og globalt.

3. **Forvaltning av barnehagen**

Barnehagen blir driven i samsvar med Bibelen og Den evangelisk-lutherske kyrkja si bekjennelse, barnehagelova og forskrifter til lova, rammeplan for barnehagar, og dei forskriftene og retningslinjer som departementet til kvar tid fastset. I samsvar med barnehagelova § 1a andre ledd, blir barnehagen drevet med eit kristent formål. Kristen tru, etikk og menneskesyn skal vere grunnlaget for alt det barnehagen føretak seg. Vedtekten og årsplanane til barnehagen skal byggje på same grunnvoll og vere med i grunnlaget for drifta av barnehagen.

4. **Avtale om drift**

Barnehagen er godkjend av Giske kommune 01.08.1979, og får tilskot av Giske kommune

5. Opp tak av barn

Etter barnehagelova § 17 skal alle godkjende barnehagar i kommunen samarbeide om opptak av barn. Kommunen skal legge til rette for ein samordna opptaksprosess, der det blir tatt omsyn til mangfaldet og eigenarten til barnehagane. Ønska og behova til brukarane skal tilleggjast stor vekt ved sjølve opptaket.

• **Opptaksmynne**

Daglig leiar er ansvarleg for opptak av barn i barnehagen.

• **Opptakskrins**

Barn frå heile kommunen kan søkje om opptak i barnehagen. Dersom barnehagen har ledige plassar etter at samordna opptak er gjennomført, kan barn frå andre kommunar søkje om opptak.

• **Opptakskriterium**

Ved opptak blir barn prioritert i denne rekjkjefølgja:

- a) Barn med nedsett funksjonsevne, i samsvar med barnehagelova § 18, og barn som det er fatta vedtak om etter lov om barnevernstjenester §§ 4-12 og 4-4, andre og fjerde ledd.
- b) Søsken av barn som har plass i barnehagen.
- c) Barn til tilsette.
- d) Tilstrebe ei formålstenleg alderssamansetning og sikre ei forsvarleg drift.

Andre barn blir tildelt plass etter fødselsdato. (Evt følgje det som kommunen har bestemt på dette punktet)

• **Lengda på opptaket**

Tilbud om barnehageplass gjeld frå opptaksdato, angitt i brev med tilbod om barnehageplass, og fram til skulepliktig alder.

• **Opptakstidspunkt og oppseiingsfrist**

Opptak av barn skjer heile året, men hovudsakleg ved samordna opptaksprosess. Dagleg leiar kan, etter skriftleg søknad, tilby barnehageplass utanom hovudopptak.

Oppseiing skal skje via Oppvekstportalen på kommunen si heimeside. Gjensidig oppseiingstid av barnehageplass er to månader, rekna frå 1. dag i månaden etter at oppseiinga er motteken. Oppseiing frå barnehagen si side krev sakleg grunn.

Oppseiingstida gjeld òg for barn som det er takka ja til plass for, men der foreldre/føresette ombestemmer seg. Dersom det skal søkjast om opphold i ein annan barnehage i kommunen for eit barn som har plass i Preg Godøy, må det søkjast på ordinært vis, og søknaden blir behandla på lik linje med andre søknader. Blir det tilbod om plass på 1. ønsket, reknast det automatisk som oppseiing av plassen i Preg Godøy.

Oppseiing av plass etter 1. april vil medføre plikt til å betale foreldrebetaling ut barnehageåret.

• **Klagetilgang**

Ved hovudopptak kan søker klage over avslag på søknad om barnehageplass og på avslag om å få det første eller andre ønsket sitt oppfylt. Retten gjeld berre søkerar som har søkt om barnehageplass innan søknadsfrist kommunen fastset etter barnehagelova § 16.

Utanom hovudopptak kan berre søkerar til barnehagen med lovfesta rett til prioritet etter barnehagelova § 18 klage dersom dei ikkje får plass (sjå 'Opptakskriterier', pkt a).

Alle klager må sendast skriftleg til kommunen og må nemna kva avgjerd det blir klaga over, og dei grunnar som klaga støttar seg til.

Reglane for klagetilgang finst i Forskrift om saksbehandlingsreglar ved opptak i barnehage, forskrift 2005-12-16 nr. 1477.



6. Foreldrebetaling

Barnehagelova § 19 forpliktar offentlege myndigheter til å behandle alle godkjende barnehagar likeverdig i forhold til offentlege tilskot. Så lenge stat og kommune følgjer opp bestemminga i barnehagelova, vil barnehagen følge bestemminga til staten om foreldrebetaling.

7. Misleghald

Dersom betaling for barnehageplass ikkje er motteken i løpet av den månaden betalinga gjeld for, vil foreldre/føresette få ein purreinkasso. Blir heller ikkje denne betalt innan 14 dagar, går saka til inkasso.

Ved gjenteke misleghald har barnehagen rett til å seia opp barnehageplassen.

Dersom det kjem av foreldrebetaling for meir enn 1 månad, har barnehagen rett til å seia opp barnehageplassen. Dette gjeld òg når barn gjentekne gonger blir henta etter at avtalt opphaldstid er overskriden.

8. Arealutnytting

Barnehagen har eit samla leike- og oppholdsareal på 297,6 m². Barnehagen si norm for arealutnytting på 5,3 m² pr barn under 3 år og 4 m² pr barn over 3 år.

9. Opningstider/ferieordning

Barnehagen blir driven som heildagsbarnehage og er for barn i alderen 0 – 6 år. Opningstida er frå kl. 07:00 til kl. 16:30 mandag – fredag. Barnehagen er stengd i følgjande periodar: Romjul og påskeveka + veke 28, 29 og 30. I løpet av året er barnehagen i tillegg stengt fem kurs- og planleggingsdagar.

Barn skal ha fire veker ferie i løpet av eit barnehageår. Romjula og påskeveka kan reknaast som den fjerde ferieveka

10. Foreldreråd

Etter barnehagelova § 4 skal barnehagen ha eit foreldreråd som består av alle foreldre/føresette til barna i barnehagen. Foreldrerådet skal fremje fellesinteressene deira og bidra til at samarbeidet mellom barnehagen og foreldregruppa skaper eit godt barnehagemiljø. Foreldrerådet skal òg ta initiativ til dugnader i barnehagen og hjelpe til med å gjennomføre desse. Foreldrerådet vel sjølv leiar og sekretær. Foreldrerådet vel 2 faste foreldrerepresentantar og 2 vararepresentantar til SU.

11. Samarbeidsutval

Ifølgje barnehagelova § 4 skal barnehagen ha eit samarbeidsutval (SU) som skal vere eit rådgivande, kontaktskapande og samordnande organ. Det består av foreldre/føresette og tilsette i barnehagen, slik at kvar gruppe har 2 representantar. Dersom barnehagen har meir enn to avdelingar, kan talet på representantar frå desse to gruppene aukast. Eigar vel 1 representant til SU, men ikkje med fleire representantar enn kvar av dei andre gruppene. Representantane blir valde for to år.

Dagleg leiar i barnehagen er sekretær for samarbeidsutvalet, førebur sakene, set opp sakliste og kallar inn til møte i samråd med leiar i SU.

NLMs regionleiar, eller den regionstyret har valt, har møte- og talerett i SU.

Samarbeidsutvalet skal føreleggjast saker og har rett til å uttala seg i saker som er av viktigkeit for innhaldet i barnehagen, verksemد og forholdet til foreldra. Det skal ha informasjon om budsjett og rekneskap. Saker som gjeld tilsetjingar, opptak av barn og liknande skal ikkje behandlast av samarbeidsutvalet.



12. Dugnad

Foreldre/føresette som nyttar barnehageplass, plikter å delta på inntil 4 timer dugnad pr barnehageår, arrangert av barnehagen og samarbeidsutvalet. Samarbeidsutvalet fastsetter talet på dugnadstimar.

13. Styret for barnehagen

Preg barnehager AS, i samarbeid med kvar enkelt region i NLM, utnemner styret for barnehagen, jfr. fullmaktsmatrise for konsernet.

14. Internkontroll

Barnehagen har internkontrollsysten etter krava i barnehagelova § 9. Barnehagen bruker PBL Mentor HMS som HMS-system.

15. Ansvar

Barnehagen teiknar ulykkesforsikring for barn som har fått plass i barnehagen. Forsikringa dekkjer barnet 24 timer i døgnet gjennom heile året.

16. Iverksetjing

Vedtekten for Preg barnehager Godøy AS,

blir gjord gjeldande frå 15/8 2023

Godkjent av styret for Preg barnehager Godøy AS (tidlegare NLM-barnehaage Ttyggheim Godøy AS) 27/3 2023

